

Kornband og hakekors

112604



Tingingane mellom Norges Bondelag og
Nasjonal Samling; grunnlaget og konsekvensane

Sigmund Bråtveit

Hovudoppgåve ved
Institut for økonomi og samfunnsfag
Norges Landbrukshøgskole
Ås-NLH 1990

Innholdsliste:

Forkortingar 1

Samandrag 1

Forord 2

Innleiing 3

BØNDENE SKJERPAR ORGANISASJONEN SIN 6

Tanken om eit næringsråd 6

Reichnahrstand (RNS) 9

Linjekomiteen 14

Maktmiddelnemnda 20

OKKUPASJON OG POSISJONERING 26

Dagane etter okkupasjonen 26

Landsstyremøte i Oslo 30

Fritt Folk 28

ETABLERING AV FORMELL KONTAKT OG FORHANDLINGAR 35

Forhandlingar 43

Landsstyret og representantskapet 52

ETTERORD 54

LITTERATUR 61

VEDLEGG 62

SIGMUND BRATVEIT
PASVIKDALEN
NÆRINGSRÅD
9925 SVANVIK

*

Kornbandet er vårt merke
samla om det er vi sterke.

Det var samling for felles sak og til felles beste Norges Bondelag (NB) var opptekne av, medan tyskerane rusta opp og okkuperte nabolanda sine. Då Noreg vart angripne hadde Bondelaget hendene fulle av lovar og retningslinjer som peika direkte på ei korporativ statsdanning.

Organisasjonen såg sitt snitt til å bli bygdefolket sitt store og samlande organ i den nye staten. Vegen fram førte dei først til tyskerane, deretter over i forhandlingar med Nasjonal Samling (NS). Bondelaget og Nasjonal Samling hadde gjensidig interesse av at samarbeidet skulle gå i orden, NB som eit førande og samlande organ for bygdefolket overfor statsmaktene, og NS med sitt akutte og store legitimeringsbehov. NB kom etterkvart i ein avgjerande posisjon.

“Vi er nå den eneste store frie organisasjonen i landet, den eneste som har en stor gruppe menneskers tillit her. Vi står som representanter for Norge og Norges bønder, og det er Norges skjebne som nå ligger i Deres hender, mine damer og herrer”. (Nestformann i Norges Bondelag Asmund Enger på møte i representantskapet 15-17. november 1940 NBA).

Fleirtalet på NB sitt representantskapsmøte i november 1940 ville godta ei lojalitetserklæring med Nasjonal Samling:

“Norges Bondelag vil som fagorganisasjon gi sin lojale medvirken til de norske riksmakters arbeid for å gjenreise Norges frihet og selvstendighet og et sunn og sterkt bondesamfunn i Norge”. (Utdrag av forhandlingsutvalet sitt reviderte forslag som fekk 75 mot 74 stemmer på representantskapsmøte 17. november 1940 NB).

Mellbye stilte då kabinettspørsmål og forhandlingslina vart til slutt broten, nestformennene og formannen avsette. Bondelaget vart administrert fram til eit nytt landsstyremøte i november 1941.

Forkortingar

Ap=Arbeidarpartiet

Bp=Bondepartiet

NB=Norges Bondelag (Bondelaget) skipa 1896 (Landmandsforbundet)

NBA=Norges Bondelag sitt arkiv

NBSL=Norsk Bonde- og Småbrukarlag (1915)

NS=Nasjonal Samling

NSLF=Norges Skog- og Landarbeiderforbund (1927)

RA=Riksarkivet (omfattar privatarkivet (PA) og statsarkivet i tillegg)

Samandrag

Det var fundamentale skiljeliner Bondelaget opererte ut frå på 30-talet. Desse forskjellane låg bak dei grunnleggjande revisjonane som vart gjennomført, spesielt ved linjekomiteén. Det var det urbane, industri- og klassesamfunnet som stod mot bygda, primærnæringa og “det organiske samfunnet”. Det var kulturelt forfall, utanlandsk påverknad og aukande status som stod mot kulturelt rotfeste, nasjonal ånd og raskt fallande standsrespekt.

Økonomisk sett vart kravet om billeg mat og industrisamfunnet sitt aukande økonomiske potensiale, sett opp mot aukande investeringar og fallande prisar som forverra den økonomiske stoda på bygdene.

På det organisatoriske området var det spesielt ille for NB; dei vart ei splitta (og dermed svak) bonderørsla med manglande påverkingkraft. Dei var underlegne i høve til det samholdet og den styrken andre fagorganisasjonar kunne visa til. Den tradisjonelle levemåten og dei uforgjelege tradisjonane stod mot eit liv utan tradisjonar og det “lette” og omskiftelege tilværet.

Lovane og retningslinene i Bondelaget hadde på 30 talet vorte justerte slik at NB utan å føreta den minste endring, kunne gå inn i reelle tingingar med Nasjonal Samling om ei gjensidig tillits-erklæring. Programmet til NS og retningslinene til NB passa som hånd i hanske.

I Norges Bondelag hadde dei sysla med tanken om å samla alle dei store næringsorganisasjonane i eit råd (Norges Næringsråd), for å knytta den faglege kompetansen i næringslivet nærare opp til dei politiske avgjerdsprosessane. Den organisatoriske forma på dette var alt frå eit sjølvstendig rådgjevande organ innanfor rama av vårt parlamentariske system, via konstitusjonelle endringar ved å skifta ut Lagtinget til fordel for eit Næringsting.

Bondelaget enda i tingingane opp med eit forhandlingsmandat som føresette konstitusjonelle endringar på veggen mot ein korporativ stat.

Hovudproblemet med eitkvart inngrep i denne leia, var å samla dei tre organisasjonane i landbruket. Norsk Bonde- og Småbrukarlag (1913) var ideologisk og politisk sett uakseptable for Bondelaget. Ei samanslutting måtte heilt og fullt skje på Norges Bondelag sine premisser.

Det var også "det naturlege" grunna NB sin høgare tilslutnad. På dette grunnlaget kunne det sjølv sagt ikkje forhandlast. Det var eit lovvedtak som måtte til. Det var heilt utopisk i "den gamle tida" under "partipolitikken", men desto meir realistisk etter okkupasjonen.

Eit samarbeid med Norsk Skog- og landarbeiderforbund (1927), var det også vanskeleg å sjå som realistisk, sjølv i kjølvatnet av kriseforliket. Det var sterke kommunistiske islett i organisasjonen, og dei braut opp den "naturlege" delinga som var. Dei splitta bygdene i to leirar, og vart snart eit av dei største LO-forbunda (Berge Furre "Norsk Historie". 1905-1940. Oslo 1972 s. 200). Endå om klasseskilja var mindre synlege i jordbruket enn i skogbruket, er det ikkje tvil om at dette var noko Bondelaget, med sitt altovergripande perspektiv, såg som ein trussel".

Frå Bondelaget sin ståstad var det oppsplittinga som var rota til den forverra situasjonen for bøndene. Rådgerda var samling, om nødvendig ved bruk av lov og tvang. Bygdene skulle samla ha Norges Bondelag som sitt talerøyr, og ikkje kvar for seg springa til Bondepartiet, Arbeidarpartiet eller Folkets Hus. Der fekk ingen av dei gjennomslag likevel.

Bondelaget stilte med kunnskap, vilje og medlemsmasse stor nok til å vera med på ei seriøs korporativ nyordning av staten. Det var makta og evna til gjennomføringa som mangla. Kunnskapen hadde dei frå Italia, Tyskland, Albert Balchen og frå eige bryst, slik at det heile vart tilpassa det "særnorske sjølvstendige lynne".

Hovudproblemet til Norges Bondelag var å få reell kontakt med dei faktiske makthaverane. I tillegg måtte desse makthaverane ha den nødvendige kunnskap både om kva som var nødvendig for å gjennomføra ei slik ordning, og den nødvendige forståinga for bøndene si rolle i samfunnet.

Det var tyskerane som hadde den kunnskapen Bondelaget søkte. Det var lettare når målet stod klart fram, - den organiske staten. Tyskerane hadde sjølv gjennomført store organisatoriske og marknadsmessige endringar, særleg til beste for bøndene. Dette visste Bondelaget si leiing svært godt.

Med Terboven sin tale fekk Bondelaget stifta kontakt med ei ny gruppe gryande makthavarar; Nasjonal Samling. Dei trong Norges Bondelag like mykje som Bondelaget trong NS. Den gjensidige nytta botna i NS sitt sterke legitimi-

tebehov og Bondelaget si forventning til ei makt som kunne gjennomføra dei revolusjonerande omdanning av staten. NB gjekk difor i gang med å klargjera sin eigen faste stab av medarbeiderar til dei endringane som måtte koma, og å gjera grunnlaget for tingingane så godt som råd var med å ta direkte kontakt med Quisling.

Det første formelle møta mellom dei to rørsleane enda med at Bondelaget forklarte NS den heilt innlysande og sjølv sagde tingen; at det måtte vedtakast ei lov om tvangs-organisering av samfunnet, slik at alle organisasjonane vart omdanne på likt. Og det enten organisasjonane ville eller ikkje. Dette hadde ikkje NS makt eller innsikt nok til. Det vart då sett i gang tingingar for å oppnå ei lojalitetserklæring mellom NS og NB. Til tross for Klevar sine utrullege soloutspel, (NS) vart det snart oppnådd ei semje som reelt sett burde kunna godtakast av begge partane.

Det gjekk etter kvart opp for Bondelaget at den reelle makta ikkje låg i NS, men i kulissane; hjå tyskerane. Eit eventuelt positivt utfall av forhandlingane kunne lett bli som å gå inn i løva si hole; der dei først ville bli brukt uhemma som propaganda for NS, og deretter fortært av "uhyret" Klevar. At heile samfunnet skulle fylgja etter Bondelaget i dei iver for ein korporativ stat, vart endå meir hypotetisk etter kvart som tingingane drog seg utover i oktober 1940.

Mellbye var den ugjendrivelege bondeføraren. Han ville gå av sommaren 1940, men han vart innstendig bedd om å stå grunna manglande dugande leiaremnar under han. Det var ein kamp om denne personen forhandlingane stod om. Når NS sende Steinar Klevar ut i ringen til høvdingen Mellbye, vitnar det berre ganske enkelt om fullstendig manglande psykologisk innsikt frå NS, og namnleg Quisling si side. Men Klevar hadde truleg allierte i tyskerane Herbst og dr. Richert, og var difor ikkje så lett å skubba seg på.

Forord

Denne oppgåva markerar slutten av 4 års studium ved Norges Landbrukshøgsskole på Ås. Den er skriven ved Instututt for økonomi og samfunnsfag under rettleiing av Harald Espeli, nå ansett ved BI, Sandvika. Sjølve arbeidet har vart eit semester, eller 4 månadar.

Mange personar har gitt sin medverknad til den prosessen det har vore å arbeida med oppgåva. Eg nemner her fylgjande personar:

-Hans Fredrik Dahl som viste meg systematik-

ken i Bondelaget sitt arkiv, samt gav gode råd for det vidare arbeidet.

-**Kari Henriksson** og det andre personalet ved Norges Bondelag sitt arkiv, for gode og trivelege arbeidstilhøve og god hjelp til å få tak i nødvendige materiale.

-**Steinar Jensen** i Norges Bondelag for imøtekommande svar på søknaden om adgang til arkivet.

-**Ole Kolsrud** ved Riksarkivet for tilrettelegging av 23 landsviksaker for gjennomsyn.

-**Jan Mellbye** for den tillit han viste meg, den tida han sette av for å prata med meg og presenteringa av Johan E Mellbye sine private papirer.

-**Lina Mogstad** for den fine teikninga til forsida.

-**Personalet** ved Norges Lanbrukshøgsskole sitt Bibliotek.

-**Brita Rikheim** for imøtekommande og velvillig hjelp ved innsynet i Johan E Mellbye sitt private arkiv. Privatarkivavdelinga ved Riksarkivet.

-**Øystein Sørensen** for svært konstruktiv rettleiing og motiverande samtale under ein tidleg periode av arbeidet.

-**Finn Thrana** for engasjerande, interessant og hyggeleg samtale det meste av hans arbeidsdag (29 mars 1990), og for informativt brev den 9 april 1990.

-**Eivor Wilhelmssen** har skrive heile oppgåva inn på datamaskin.

Hjarteleg takk til Dykk alle saman som har vore med å gjera dette mogeleg. Det har utan tvil vore mine fire mest givande og interessante månadar ved NLH.

Eg bed samtlige som måtte ha synspunkt eller spørsmål til oppgåva om å ta kontakt med meg. Ås den 15 mai 1990

Sigmund Bråttveit

Innleiing

Okkupasjonen var ikkje tida for skriftleg meddeling. Spesielt ikkje av såpass vanskelege saker som dette. Mykje av kommunikasjonen føregjekk truleg ved samtalar, underhandskontaktar og ikkje-refererte møter. Difor vert me overletne til delvis gjetting og delvis detektivarbeid. Ein del brev eg har sitert har kan henda aldri vore sende. Det viktigast her er likevel meninga med det nedskrivne.

Arbeidet er ikkje eit litteratur-studium. Det eg har skrive har eg i så stor grad som råd er, basert

på papirer direkte frå aktørar i tingingane frå dei mest aktuelle arkiva.

Litteraturen på området er ikkje stor, dessutan er den for Bondelaget sin del, i beste fall overflattisk. Thomas Chr. Wüller har teke for seg Bondelaget og tilnærminga til NS som ein del av ein større samanheng og delvis på grunnlag av eit heilt anna materiale. Han hadde tilgang på enorme mengder usystemisert papir på UB, mykje som sikkert er borte idag. Men han mangla og ein del av det eg har funne.

Med omsyn til landssviksakene, er dei skrømande mangelfulle. Viktige papir har kome vekk i tida etter krigen. Det var vore få gjenlevande å spora opp etter forhandlingane. Såvidt eg veit er det berre Jon Leirfall (lite sentral grunna heimreis o.l.) og Finn Thrana (frå NS sida) som endå lever. Finn Thrana er 75 år og har ei stor interesse og eit godt minne intakt.

Jan Mellbye er son til Johan E. Mellbye. Han er svært interessert i historie, og var ei god hjelp under arbeidet. Det er svært positivt at så store delar av Johan E. Mellbye sine papir er overlevert privatarkivavdelinga ved Riksarkivet slik at det er tilgjengeleg for studiar.

Bondelaget sitt arkiv, særleg frå førkrigs- og krigsåra, er under all kritikk. Det er på tale å systematisera desse papira nå, og eg vonar Bondelaget er seg ansvaret sitt bevisst og ryddar opp i denne viktige delen av arkivet. Det var svært tidkrevjande å finna fram - noko som i seg sjølv er til hinder for å danna seg eit bilete av Bondelaget sin definitivt mest spanande periode.

Ikkje berre i Bondelaget, men også ellers i samfunnet, har me stor nytte av å sjå kva ein av landet sine største organisasjonar tenkte og gjorde i ei tid prega av politiske ekstremitetar ute i Europa. Særleg på det landbrukspolitiske området var det eit stort spenningsfelt frå Russland si tvangskollektivisering og Tyskland og Italia si fascistske statsdanning. Bøndene var heilt sentrale brikker i desse ideologiske straumane, som også hadde det felles at dei var ekstremt antikapitalistiske. Kvifor skulle ikkje slike sjokkbølger slå innover og ytra seg i sterke meiningar frå Bondelaget?

Det er snart på tide å ta fram denne delen av historia, der heilt fundamentale spørsmål om stat og samfunn var daglege diskusjonsemne. Mange av dei nasjonalistisk motiverte tiltaka Bondelaget arbeidde for, har det tilsynelatande vore "farleg" å ta opp etter krigen. Det er synd. Ein sunn nasjonalisme har store krefter i seg, og er ei stor kraftkjelde å ausa av. Dersom ein

kunne meistra dette like godt som Lars Eskeland og Lars Aukrust, ville bonde- og bygderørslene ha meir kraft og sunnare utlaupskanalar for dei djupareliggjande kreftene sine, som sjølv sagt også fins idag.

Dei to ovenfor nemnde medlemmene av Bondelaget valde, med basis i den same nasjonalistiske haldninga, like sterke synspunkt for og imot Nasjonal Samling. Nasjonalisme er ikkje identisk med fascisme, det kan like gjerne vera eit vern mot fascisme og ekstremisme. I Bondelaget sitt arkiv er det eit fundament som både Bondelaget og Senterpartiet i dag kunne læra av ved ei seriøs tilnærming. Få programformuleringar idag kan måla seg med dei oppstillingane Lars Aukrust var meister for på 30- og 40-talet.

Tilnærminga mi til oppgåva har vore å sjå kva det var i Bondelaget sitt idémessige og politiske innhald som førde dei så langt på forhandlingsvegen med Nasjonal Samling. Kva var det i Bondelaget sin ideologi som glei saman med Nasjonal Samling sitt program? Eg har også forsøkt å gi ei framstilling av kontaktane mellom tyskerane, NS og Bondelaget.

Angrepsvinkelen er interessant ikkje berre som Bondelagshistorie, men også fordi dei andre organisasjonane og store delar av folket og samfunnslivet sat og venta på kva det endelege svaret vart frå Bondelaget. Det kunne vore den samarbeidsavtalen som hadde åpna vegen for Nasjonal Samling og ei korporativ omdanning av Noreg.

Tida, hendingane og tankane har ikkje vorte tekne fram og haldne opp mot lyset. Til dømes på det landbruksfaglege området vantar det eit seriøst arbeid om landbruksminister Thorstein John Ohnstad Fretheim. Eit slikt arbeid må avdekkja nye sider ved tilhøva mellom landbruksadministrasjonen, Nasjonal Samling, bøndene sine organisasjonar og dei tyske styresmaktene. Bondelaget sitt arkiv, Finn Thrana og L-saka mot Aksel Berger kan vera eit brukbart utgangspunkt for det arbeidet.

BØNDENE SKJERPAR ORGANISASJONEN SIN

Tanken om eit næringsråd

Mellom dei første skriftlege planane for danninga av eit næringsråd frå Bondelaget si side, var eit brev frå Sekretariatet til Landsstyret datert 11. juni 1934. Det konfidensstille notatet stødde seg på den fyrste organiseringa av Pommerso-

her Landbund som eit mønster for den norske organiseringa. Det vart føreslege steg i denne retning frivillig og så snart som råd var:

"... så man ikke risikerer å stå uforberedt når mulige forslag efter linjer for tvangsorganisering i sin tid eventuelt kommer." (NBA)

For å gjera det meir konkret vart det foreslått frå Sekretariatet si side at:

"det i hvert bondelags styre skulde sitte en landbruksarbeider. Videre burde arbeide optas for å slå sammen bondelag og småbrukerlag i bygdene."

Det vart sitert statistikk over arbeiderar i landbruket, og eit teoretisk overslag over fordeling av representantar på dei forskjellige næringane i eit næringsråd med 19 representantar. Landbruket skulle her ha 7. Skrivet bar preg av å vera ein prøveballong overfor landsstyret, sidan det ikkje var nemnt noko om tvangsorganisering, men det vart tala om "omorganisering av bondelagene i bygdene,..."

Det var heller ikkje nemnt noko om fullmaktene og funksjonane til næringsrådet, kor mange organisasjonar næringane kunne vera representerte med, eller eventuelle konstitusjonelle endringar. Mellbye hadde likevel gått å leika med tanken sidan slutten av tjuetalet. Han hadde også gått noko lenger når det gjaldt dei organisatoriske og formelle overfor statsmakta.

"Hvad imidlertid selv den sak å gi næringsorganisasjonene adgang til innflytelse på statsstyret angår, så kan jeg personlig godt si at jeg i sikkert over 10 år har vært enig i dette som grunn tanke og også flere ganger nevnt som et forslag, at den afdeling av Stortinget som het Lagtinget burde vært omdannet til en representasjon for næringsorganisasjonene, mens Odelstinget fortsatt som hittil med fylkenes enkeltrepresentasjoner". (Stenografisk referat av forhandlingene i representantskapsmøter i Norges Bondelag. 15-17. november 1940. NBA).

Vidare minte Mellbye forsamlingen om boka til Albert Balchen "Næringspolitisk selvstyre". Advokat Balchen hadde tidlegare stått både Bondelaget og Bondepartiet nær. Balchen var djupt kritisk til systemet i si dåverande form. Han var villig til å gå svært langt, og det Mellbye her reklamerte for inneheldt sitat

"Statsmaktene, nasjonalforsamling og regjering, har makten til å trumfe sin vilje gjennom. Men de mangler den nødvendige interesse, det nødven-